

Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

SØKNADSSKJEMA 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/13889"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltaket

Fv 314 Bergsdalsvegen, Kvamstotunnelen i Dale sentrum

Søkjar (kommune)

Namn: Vaksdal kommuen

Adresse: Konsul Jepsensgt. 16

Postnr./stad: 5722 Dalekvam

Org.nr 961821967

Kontonr.: 3500.07.00418

Prosjektnr.:

Ressursnr.:

Administrativ kontaktperson hjå søkjar

Namn: Gjertrud Karevoll

Telefon: 56594447

E-post: Gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Mobil:91560795

Type trafikant	Totalkostnad	Søknadsbeløp	Fylkesvegnr.	Status	Type tiltak	Framdrift
Kven er tiltaket retta inn mot?	Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva).	Tilskotssummen vil maks kunne vere på 4 million kroner. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.)	Tiltak kan berre gjerast på fylkesveg, men kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Kva er vegnummeret?	Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra? - Ordførar - Kommunestyre - Trafikksikringsplan	Kva type tiltak er det?	Tiltaket bør ferdigstillast i 2017. Når kan tiltaket starta opp? (01.05.2017) Når skal tiltaket vere ferdig?
Mjuke trafikantar	570.000,-	340.000,-	Fv 314	Ordførar	- Langs skuleveg - Punktutbetring	30.11.2017

Omtale av tiltaket

Utfordring med omsyn til trafikksikringstiltak i Kvammstotunnelen ved Dale sentrum fylkes veg 314 (Dale-Voss). Dette er ein «spesiell» og mykje brukt tunnel som vert nytta av gåande og syklende frå bustadområdet Skyttarplassen til Dale sentrum, der butikkar og barnehage/skule, kommunalt legesenter og andre kommunale tenestetilbod med meir ligg.

Tunnelen har ei lengd på 126 meter, og framstår med eit smalt og lågt fortau på ein sida og dårleg/svak sentrert tak belysning. Andre fakta;

- 10 stk. veglys i tak over kjørebane.
- Avstand mellom vegkantstriper (kvit stipla) om lag 3,7 m
- Fortau varierende breidd: 1,0 - 1.25 m
- Kantstein: fortaushøgde over kjørebane (kantstein + asfalt) : 8 cm. Avrunda kant mot kjørebana, ikkje avvisande kant.
- Skilta med fri høgde 3,6 m

Som gang/sykkel-tunnel kan ein forventa at det vert utført tiltak som vernar om mjuke trafikkantar.

Tiltak kan vera: ny og betre belysning og opparbeiding av eit betre og meir tenleg fortau og sikring med høgare (avvisande) fortauskant. Kvitmaling av tunnelveggar er også eit vanleg brukt tiltak for å betre lysforhold.



I samråd med Statens vegvesen er det vurdert tiltak. Å skifte lysanlegget er svært dyrt, og i første omgang prøver me tiltak utan å skifte lysanlegg. Det er 12 meter mellom armatura, og det burde i utgangspunktet vere tilstrekkeleg med tiltak som betrar lysforholda med eksisterande anlegg. Der er utarbeidd følgjande opprustingsbudsjett;

Tiltak	Pris u. mva
Oppgradering/nytt fortau gjennom tunnel, 2500,-pr. meter	315.000,-
Kvitkalking, 840,- pr. meter	105.840,-
Sum eks mva	420.840,-
Sum inkl mva	526.050,-

I tillegg kjem byggherrekostnader, for mindre utbetningsarbeid om lag 30-40 %. Totalkostnad vert då rundsum 570.000,- eks. mva.

Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: 2017-05-01

Pårekna avslutta: 2017-11-30

Kan gjennomførast omgåande

Vedlegg: Skisse til framdriftsplan

Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

Totalkostnad for tiltaket: 570.000,-

Søknadsbeløp for tiltaket: 440.000,-

Evt. eigenandel

Slik søknadskriteriene er utforma er det Vaksdal kommune som vil ha gjennomføringsansvar. Erfaringsmessig har me byggherrekostnader tilsvarande 5 % påslag, noko som er svært lågt. Differansen spart er då om lag kr. 130.000,-, som Vaksdal kommune påtek seg. Dette utgjer 30 % av kostnadene.

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 09.02.2017.

Dato/stad

Underskrift ansvarleg søkjar